

---

# Tarminvaginasjon hjå barn i Hordaland fylke 1983-92

---

ARTIKKEL

EIKESET K

MARKESTAD T

---

## Sammendrag

I Hordaland vart førekomst av invaginasjon samanlikna for Bergen, der 45% vart innlagt av barnelege, og resten av fylket, der 18% vart innlagt av barnelege. Diagnose og forløp vart samanlikna for barn innlagt av barnelege og allmennpraktikar.

I perioden 1983-92 fekk 142 barn i alderen 0-14 år diagnosen invaginasjon basert på røntgenundersøking av colon (139barn) eller kirurgi (tre barn). Det var ingen signifikant forskjell i førekomst mellom Bergen og fylket for øvrig (1,8 mot 1,4 per 1000 barn per år,  $p = 0,3$ ). Barnelege stilte oftare riktig innleggingsdiagnose enn allmennpraktikar (70% mot 42%,  $p = 0,003$ ), men det var ingen signifikante forskjellar i alder på barnet (median åtte månader for begge), lengd på symptom (median 12 mot 24 timer), typar symptom eller del som trong kirurgisk behandling (58% mot 59%).

Lik førekomst i Bergen og resten av fylket kan tyde på at spontan remisjon av invaginasjon ikkje er vanleg. Barnelegane tilviste oftare barna med riktig diagnose, men resultatene viser at allmennpraktikarane i like stor grad gjenkjende at sjukdomsbiletet kravde innlegging.

---

Publisert: 10. november 1998. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 24. juni 2026.